

**Utval:** Utval for opplæring og helse  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5  
**Dato:** 07.06.2017  
**Tidspunkt:** 10:00-13:50

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Øyvind Strømmen	Medlem	FL MDG/V
Christer Lilleskare Olsen	Medlem	H
Emil Lennart Pålrikoff Gadolin	Leiar	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	FL MDG/V til kl. 12.00
Tor Andrè Ljosland	Medlem	KRF
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	R
John Helge Gullaksen	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Kjetil Hestad	Medlem	A
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Torgeir Toppe	Kjetil Hestad	A
Gunn M. Moberg	Ragnhild Fagerbakke	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Svein Hegghem	Fylkessdirektør opplæring
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellestenester, Opplæringsavdelinga
Torbjørn Mjelstad	Seksjonsleiar fagopplæring, Opplæringsavdelinga
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule, Opplæringsavdelinga
Nina Ludvigsen	Seksjonsleiar oppfølgingsteneta, Opplæringsavdelinga
Arne Åsan	Fylkestannlege
Lene Fjellsbø	Opplæringsavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Jurist/utvalssekretær
Per-Willy Mørk Karlsen	Seniorrådgjevar, Opplæringsavdelinga
Kjell Helge Kleppestø	Leiar, Senter for yrkesrettleiing HFK.
Lene Fjeldsbø	Spesialrådgjevar, Opplæringsavdelinga

**Sakliste**

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 64/17	Godkjenning møteinkalling og saksliste		
PS 65/17	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 66/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 27/17	Namneendring Årstad videregående skole	2017/541	
RS 28/17	Rapport frå Nordsjøkommisjonen - møte i Energy and Climate Change Group 19.-21.april 2017	2017/4254	
RS 29/17	Statusrapport samanslåing Etne/Ølen	2014/23406	
RS 30/17	Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland - Rapport 2016	2014/10200	
RS 31/17	AUD-rapport 03-17 Kunstfaga i grunnskulen i Hordaland - Tilstand og utfordringar i 2016	2017/1892	
RS 32/17	Melding om vedtak i klagesak - Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS	2015/8565	
PS 67/17	Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering av dei vidaregåande skulane	2016/33942	
PS 68/17	Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2017	2016/4130	
PS 69/17	Høyring om ny overordna del av læreplanverket	2017/4231	
PS 70/17	Svar høringsbrev Fagbrev på jobb	2017/4307	
PS 71/17	Sjølvforsvarskurs for jenter	2017/4402	
PS 72/17	Karriere Hordaland - etablering av fylkeskommunale karrieresenter for vaksne	2014/16238	
PS 73/17	Ymse		

**PS 64/17 Godkjenning møteinkalling og saksliste****Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

**Emil Gadolin A** orienterte om at Torbjørn Mjelstad, Opplæringsavdelinga ville halde ein kort orientering om forslag til endring av ny tilbodsstruktur i dei vidaregåande skulene.

**Emil Gadolin A** opplyste at møte i utval for Opplæring og helse den 08.08.2017 vert avlyst.

**Vedtak**

Møteinkallinga og sakslista vart godkjent med merknadene ovanfor.

**PS 65/17 Godkjenning møteprotokoll forrige møte****Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

## **Vedtak**

Møteprotokoll frå førre møte den 09.05.2017 vart godkjent utan merknader.

## **PS 66/17 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

## **Vedtak**

Referatsak 27/17-32/17 vart refererte.

RS 28/17 Rapport frå Nordsjøkommisjonen – møte i Energy and Climate Change Group 19. -21. april 2017. **Daniel Charles Hextall SV** orienterte kort om status i saka. **Øyvind Strømmen MDG** kommenterte at det var dårlig språk i rapporten.

RS 30/17 Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland – Rapport 2016. **Christer Lilleskare Olsen H** stilte spørsmål. Lene Fjeldsbø, Opplæringsavdelinga, svarte på spørsmåla.

RS 31/17 AUD-rapport 03-17 Kunstfaga i grunnskulen i Hordaland – Tilstand og utfordringar i 2016. **Christer Lilleskare Olsen H** stilte spørsmål. Linda Farestveit svarte på spørsmålet.

RS 32/17 Melding om vedtak i klagesak – Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS. **Solbjørg Marjala R** stilte spørsmål i saka. Heggheim svarte på spørsmålet.

## **RS 27/17 Namneendring Årstad videregående skole**

**RS 28/17 Rapport frå Nordsjøkommisjonen - møte i Energy and Climate Change Group 19.- 21.april 2017**

**RS 29/17 Statusrapport samanslåing Etne/Ølen**

**RS 30/17 Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland - Rapport 2016**

**RS 31/17 AUD-rapport 03-17 Kunstfaga i grunnskulen i Hordaland - Tilstand og utfordringar i 2016**

**RS 32/17 Melding om vedtak i klagesak - Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS**

## **PS 67/17 Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering av dei vidaregåande skulane**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek at modell 5 (modell hovudsakleg basert på ein *kombinasjon av elevtal og klassar, pluss* særskilde tilskot) vert hovudmodell for budsjettildeling til dei vidaregåande skulane. Skulebruksplanen gjev den overordna retninga for utvikling av tilbodsstrukturen for det vidaregåande skuletilbodet i Hordaland fram mot 2030, og som hovudregel vert det sett krav til at det ikkje blir starta opp tilbod med lågare oppfyllingsgrad enn 85% i høve til full klasse.
2. Rektorane kan omdisponere midlar innanfor budsjetttramma til skulen.
3. Modellen vert evaluert og justert i løpet av 2018.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.05.2017**

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«1. Utvalg for opplæring og helse ønsker å få saken opp til behandling på nytt i førstkomende møte i juni 2017.

2. Administrasjonen bes kommer tilbake til utvalget med et notat der man sammenlikner modell 3, 5 og 7 på hvordan man kan tenke seg de ulike modellene vil slå ut på et representativt utvalg av de videregående skolene i Hordaland.

3. Utvalget ber om å få et innblikk i hvilke hensyn som skolene selv mener er viktige å få med i en ny budsjettmodell.»

### Røysting

Emil Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Utvalg for opplæring og helse ønsker å få saken opp til behandling på nytt i førstkomende møte i juni 2017.
2. Administrasjonen bes kommer tilbake til utvalget med et notat der man sammenlikner modell 3, 5 og 7 på hvordan man kan tenke seg de ulike modellene vil slå ut på et representativt utvalg av de videregående skolene i Hordaland.
3. Utvalget ber om å få et innblikk i hvilke hensyn som skolene selv mener er viktige å få med i en ny budsjettmodell.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.

Saka bør behandlast i utval for opplæring og helse 7. juni før den vert behandla i fylkesutvalet sitt ekstra møte 13. juni og fylkestinget 13.-14. juni.»

### Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Saka vert utsett.

Saka bør behandlast i utval for opplæring og helse 7. juni før den vert behandla i fylkesutvalet sitt ekstra møte 13. juni og fylkestinget 13.-14. juni.

### Innstilling til fylkestinget

Fylkesutvalet vil gje si innstilling i møte 13. juni 2017.

### Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017

#### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

1. Fylkestinget vedtek at modell 5 (modell hovudsakleg basert på ein *kombinasjon av elevtal og klassar, pluss* særskilde tilskot) vert hovudmodell for budsjettildeling til dei vidaregåande skulane. Skulebruksplanen gjev den overordna retninga for utvikling av tilbodsstrukturen for det vidaregåande skuletilbodet i Hordaland fram mot 2030, og som hovudregel vert det sett krav til at det ikkje blir starta opp tilbod med lågare oppfyllingsgrad enn 85% i høve til full klasse.
2. Rektorane kan omdisponere midlar innanfor budsjettramma til skulen.
3. Modellen vert evaluert og justert i løpet av 2018.

### Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017

**Representanten Rosalind Fosse (Frp)** sette fram følgjande forslag:  
«Nytt punkt 1.

OPHE viderefører dagens budsjettmodell, modell 7 (Basert på en kombinasjon av elevtall og utdanningsprogram, pluss særskilte tilskudd) som hovedmodell for budsjettildeling til de videregående skolene.

Det må tilstrebnes å overholde krav til at det ikke blir startet opp tilbud med lavere oppfyllingsgrad enn 85 % i henhold til full klasse.

2. rektorene kan omdisponere midler innenfor budsjettrammen til skolen.»

**Representanten Tor Andre Ljosland (Krf)** sette fram følgjande forslag på vegne av A, SV og Krf:

«1. Fylkestinget vedtek at ein kombinasjon av modell 3 og modell 5 vert hovudmodell for budsjettildeling til dei vidaregåande skulane. Skulebruksplanen gjev den overordna retninga for utvikling av tilbodsstrukturen for det vidaregåande skuletilbodet i Hordaland fram mot 2030, og som hovudregel vert det sett krav til at det ikkje blir starta opp tilbod med lågare oppfyllingsgrad enn 85% i høve til full klasse.

2. Modellen skal hovedsakelig baseres på klasser, men ta høyde for at det er kostnader for hver enkelt elev utover 85% oppfyllingsgrad som må dekkes og det skal være regningssvarende å fylle opp klassene.

3. Det gis ikke belønning for å fylle opp klasser ut over 100% oppfyllingsgrad.

4. Rektorane kan omdisponere midlar innanfor budsjettramma til skulen. (rådmannens punkt 2).

5. Modellen vert evaluert og justert i løpet av 2018.»

### Røysting

Ljosland sitt forslag fekk 7 røyster (A, SV, R og Krf) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med møteleiar si røyst.

Rosalind Fosse sitt forslag fekk 2 røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 5 røyster (H, V og MDG) og fall.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek at ein kombinasjon av modell 3 og modell 5 vert hovudmodell for budsjettildeling til dei vidaregåande skulane. Skulebruksplanen gjev den overordna retninga for utvikling av tilbodsstrukturen for det vidaregåande skuletilbodet i Hordaland fram mot 2030, og som hovudregel vert det sett krav til at det ikkje blir starta opp tilbod med lågare oppfyllingsgrad enn 85% i høve til full klasse.

2. Modellen skal hovedsakelig baseres på klasser, men ta høyde for at det er kostnader for hver enkelt elev utover 85% oppfyllingsgrad som må dekkes og det skal være regningssvarende å fylle opp klassene.

3. Det gis ikke belønning for å fylle opp klasser ut over 100% oppfyllingsgrad.

4. Rektorane kan omdisponere midlar innanfor budsjettramma til skulen. (rådmannens punkt 2).

5. Modellen vert evaluert og justert i løpet av 2018.

## PS 68/17 Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – Iøypemelding vår 2017

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet:**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

### **PS 69/17 Høyring om ny overordna del av læreplanverket**

#### **Forslag til vedtak**

Utval for opplæring og helse vedtek å gi høyringsuttale på forslag til ny overordna del av læreplanverket slik det går fram av saksutgreiinga.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse vedtek å gi høyringsuttale på forslag til ny overordna del av læreplanverket slik det går fram av saksutgreiinga.

### **PS 70/17 Svar høringsbrev Fagbrev på jobb**

#### **Forslag til innstilling**

- 1 Utval for opplæring og helse står framlegget frå departementet om å gjera Fagbrev på jobb til ei alternativ opplæringsordning fram til fagbrev på lik line med lærlingordninga og praksiskandidatordninga.
- 2 Utvalet ønskjer at den nye opplæringsordninga skal omfatta alle fag, men ser at det kan vera tenleg at dei ulike faga vert fasa inn over tid i samråd med fagleg råd.
- 3 Utvalet er samd med departementet i at innmelding til ordninga føreset at deltakar har relevant praksis tilsvarande minimum eitt år i full stilling
- 4 Utvalet står departementet sitt forslag om at det vert oppretta ein opplæringskontrakt mellom partane som sikrar deltakaren ein personleg opplæringsplan og som avtalar ansvars- og oppgåvefordelinga i opplæringa mellom skule og verksemd.
- 5 Utvalet er av den oppfatning at krav til fellesfag bør inngå i Fagbrev på jobb, etter same ordning som for vaksne i yrkesfag som har vitnemål som gjev yrkeskompetanse, jf forskrift til opplæringslova § 1-13. Utvalet meiner vidare at opplæring i basisferdigheiter bør inngå som del av opplæringa i yrkesfaga. Ein ser det ikkje som tenleg å utvikla eigne læreplanar og vurderingssystem for særskilt opplæring i basisferdigitetene i den nye opplæringsmodellen.
- 6 Utvalet er på det reine med at lang praksis og høg realkompetanse kan gje monaleg avkorting av opplærerstida, men er samd med departementet i at opplæringsperioden ikkje vert sett kortare enn eitt år, ut frå omsyna til deltakars faglege utvikling og modning. Utvalet meiner

vidare at deltakar må ha minst 50 % fast stilling for å sikra tilstrekkeleg tid til opplæring og kontinuitet i denne.

- 7 Utvalet meiner at programfaga i den nye opplæringsmodellen bør vurderast ved den same sentralt gitte eksamen som for lærlingar, etter opplæringslova § 3-3 full opplæring i bedrift, og praksiskandidatar. Ein ser det elles som naturleg at særskilde eksamenar på Vg3 før fagprøva også må gjelda for deltakarar i den nye ordninga.
- 8 Utvalet er på det reine med at verksemndene sine opplæringsoppgåver i den nye modellen er omfattande og stør departementet sitt syn på at verksemndene bør godkjennast etter same kriterium som læreverksemndene. Utvalet ser det som naturleg at verksemndene får tilskot til opplæringsaktiviteten på nivå basistilskott II, som for vaksne lærlingar. Utvalet finn det naturleg at tilskotet følgjer heile opplæringsperioden.
- 9 Utvalet legg til grunn at fylkeskommunen vert kompensert for ekstra kostnader som måtte følgja av ordninga.
- 10 Som nemning på den nye ordninga viser utvalet til utviklingsprosjekta i Hordaland fylkeskommune som har tittelen VOPA, akronym for vaksenopplæring på arbeidsplassen. Alternativt namn på opplæringsordninga kan vera fagkandidat.

Høyringsfrist er 19.05.17. Det er sendt inn høyringssvar i tråd med innstillinga i saka. Det er teke etterhald om politisk godkjenning.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

- 1 Utval for opplæring og helse står framleggjett frå departementet om å gjera Fagbrev på jobb til ei alternativ opplæringsordning fram til fagbrev på lik line med lærlingordninga og praksiskandidatordninga.
- 2 Utvalet ønskjer at den nye opplæringsordninga skal omfatta alle fag, men ser at det kan vera tenleg at dei ulike faga vert fasa inn over tid i samråd med fagleg råd.
- 3 Utvalet er samd med departementet i at innmelding til ordninga føreset at deltakar har relevant praksis tilsvarande minimum eitt år i full stilling
- 4 Utvalet står departementet sitt forslag om at det vert oppretta ein opplæringskontrakt mellom partane som sikrar deltakaren ein personleg opplæringsplan og som avtalar ansvars- og oppgåvefordelinga i opplæringa mellom skule og verksemd.
- 5 Utvalet er av den oppfatning at krav til fellesfag bør inngå i Fagbrev på jobb, etter same ordning som for vaksne i yrkesfag som har vitnemål som gjev yrkeskompetanse, jf forskrift til opplæringslova § 1-13. Utvalet meiner vidare at opplæring i basisferdigheiter bør inngå som del av opplæringa i yrkesfaga. Ein ser det ikkje som tenleg å utvikla eigne læreplanar og vurderingssystem for særskilt opplæring i basisferdigitetene i den nye opplæringsmodellen.
- 6 Utvalet er på det reine med at lang praksis og høg realkompetanse kan gje monaleg avkorting av opplæringsstida, men er samd med departementet i at opplæringsperioden ikkje vert sett kortare enn eitt år, ut frå omsyna til deltakars faglege utvikling og modning. Utvalet meiner vidare at deltakar må ha minst 50 % fast stilling for å sikra tilstrekkeleg tid til opplæring og kontinuitet i denne.
- 7 Utvalet meiner at programfaga i den nye opplæringsmodellen bør vurderast ved den same sentralt gitte eksamen som for lærlingar, etter opplæringslova § 3-3 full opplæring i bedrift, og praksiskandidatar. Ein ser det elles som naturleg at særskilde eksamenar på Vg3 før fagprøva også må gjelda for deltakarar i den nye ordninga.

- 8 Utvalet er på det reine med at verksemndene sine opplæringsoppgåver i den nye modellen er omfattande og stør departementet sitt syn på at verksemndene bør godkjennast etter same kriterium som læreverksemndene. Utvalet ser det som naturleg at verksemndene får tilskot til opplæringsaktiviteten på nivå basistilskott II, som for vaksne lærlingar. Utvalet finn det naturleg at tilskotet følgjer heile opplæringsperioden.
- 9 Utvalet legg til grunn at fylkeskommunen vert kompensert for ekstra kostnader som måtte følgja av ordninga.
- 10 Som nemning på den nye ordninga viser utvalet til utviklingsprosjekta i Hordaland fylkeskommune som har tittelen VOPA, akronym for vaksenopplæring på arbeidsplassen. Alternativt namn på opplæringsordninga kan vera fagkandidat.

## **PS 71/17 Sjølvforsvarskurs for jenter**

### **Forslag til innstilling**

Det skal prøvast ut ei ordning med sjølvforsvarskurs for jenter ved om lag 3 -5 vidaregåande skular hausten 2017.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 3 røyster (H).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Det skal prøvast ut ei ordning med sjølvforsvarskurs for jenter ved om lag 3 -5 vidaregåande skular hausten 2017.

## **PS 72/17 Karriere Hordaland - etablering av fylkeskommunale karrieresenter for vaksne**

### **Forslag til innstilling**

- 1 Senter for Yrkesrettleiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karrierelettleiingstilbodet for vaksne i fylket.
- 2 Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriererettleiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnarskap for karriererettleiing i tråd med statlege føringer på området.
- 3 Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
- 4 Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriererettleiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

- 1 Senter for Yrkesrettleiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karrierelettleiingstilbodet for vaksne i fylket.

- 2 Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriererettleiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnarskap for karriererettleiing i tråd med statlege føringer på området.
- 3 Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
- 4 Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriererettleiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

#### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

##### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

##### **Instilling til fylkesutvalet**

- 1 Senter for Yrkesrettleiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karrierelettingstilbodet for vaksne i fylket.
- 2 Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriererettleiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnarskap for karriererettleiing i tråd med statlege føringer på området.
- 3 Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
- 4 Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriererettleiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

#### **PS 73/17 Ymse**

#### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.06.2017**

Orientering av NAV-rettleiarar i vgs/V Rita Rydheim, NAV-rettleiar Sissel Riise, elevtenesta ved Årstad vgs og Grete Heien, OT-rådgjevar.

Orientering om vaksenopplæringsfeltet i Hordaland v/seniorrådgjevar Per-Willy Mørk Karlsen, Opplæringsavdelinga.

Orientering av Thorbjørn Mjelstad, seksjonsleiar fagopplæring, om forslag til ny tilbodsstruktur i dei vidaregåande skulene.

Kjell Helge Kleppestø ga ei kort orientering om PS 72/17.

**Tor Andre Ljosland (Krf)** stilte fylgjande spørsmål i open time:

I hvilken grad kan private skoler delta på kurs i regi av HFK?

Mange private skoler har vanskelig å tilby fremmedspråk nivå III. Her tilbyr fylkeskommunen ulike nettkurs. Vil det være mulig for fylkeskommunen å gjøre disse tilgjengelig for private skoler mot at fylket her blir økonomisk kompensert for deltagelsen?

Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmåla.

**Utvalsleiar** opplyste at møtet i utval for opplæring og helse den 8. august er avlyst.

Dei politiske sakene vart handsama i denne rekkefølge: PS 72/17, PS 67/17, PS 68/17, PS 69/17, PS 70/17, PS 71/17 og PS 73/17.